

SPØRSMÅL MED SVAR-ALTERNATIV

Ungdomsskulen

Set kryss ved rett svar!

1. Kva er ein bre?

- Ein masse av snø og is som er i rørsle.
- Ein masse av snø og is som ligg minst 1000 m over havet.

2. Kor blir det danna brear?

- Berre i område der sommar-temperaturen aldri overstig 0° C.
- Der det år etter år samlar seg meir snø enn det som smeltar vekk.

3. Kva meiner vi med avsmeltingsområdet til breen?

- Området der vintersnøen blir liggjande heile året.
- Området der vintersnøen smeltar vekk om sommaren.

4. Kor djupe kan sprekker i brear i Noreg bli?

- 90-100 meter.
- 20-30 meter.

5. Korleis blir ei skuringsstripe danna?

- Breelva fører med seg mykje sand som skurer mot berggrunnen.
- Stein som er innefrosen i bresolen skurer mot berggrunnen.

6. Korleis blir ei jettegryte danna?

- Ved at rennande vatn kvervlar rundt i ei grop i berggrunnen.
- Ved at stein og rennande vatn kvervlar rundt i ei grop i berggrunnen.

7. Kva skil ei breelv frå ei vanleg elv?

- Ei breelv inneheld meir steinmateriale.
- Ei breelv har nesten ikkje vassføring om sommaren.

8. Når var den siste istida?

- For 70 - 2-3 millionar år sidan.
- For 120 000 - 10 000 år sidan.

9. Når var "Den vesle istida" på sitt høgaste i Noreg?

- Rundt år 1750.
- For 10 000 år sidan.

10. Kva er ein morene?

- Lausmassar som breen har avsett.
- Lausmassar som breelva har avsett.

11. Kva er ein endemorene?

- Ein rygg av lausmassar som er avsett langs brekanten.
- Lausmassar som er avsett på undersida av breen.

12. Over kor lang tid er fjordane i Noreg danna?

- Siste istid.
- Fleire istider dei siste 2-3 millionar år.

13. Kva kjenneteiknar dalar som er gravne ut av brear?

- Dei har slake dalsider og v-forma botn.
- Dei har bratte dalsider og u-forma botn.

14. Kva er eit delta?

- Ei flate av grus og sand som elva avset i ein fjord eller ein sjø.
- Eit lag med morenemateriale som blir avsett under breen.

15. Kvifor heva landet seg då siste istid tok slutt?

- Fordi isen hadde grave vekk mykje stein som pressa landet ned.
- Fordi isen som pressa landet ned smelta vekk.

16. Kva er ein terrasse?

- Eit gammalt delta som no ligg over havnivået pga. landhevinga.
- Eit lag med morenemateriale som blir avsett under breen.

17. Blir landet vårt framleis forma av dagens brear?

- Nei, dagens brear er så små at dei ligg heilt i ro og kan ikkje forme landskapet.
- Ja, ein bre vil alltid vere i rørsle og grave i berggrunnen under seg.